

**UTVAL FOR PLAN
MØTEPROTOKOLL**

Møtedato:	05.12.2019
Møtestad:	Rådhuset Straume - kultursalen
Møtetid:	kl 14:00 - 19:00

Orienteringar:

Utbygging/utviklingsplanar for Skogsskiftet
Eventuelle utviklingsplanar for Nautnes

Medlemmer som møtte	Parti/Organisasjon
Ruben Håvik	Arbeiderpartiet (Ap)
Åse Gunn Husebø	Arbeiderpartiet (Ap)
Leif Bjarne Fjellro	Folkeaksjonen Nei til mer Bompenger (FNB)
Svein Otto Jacobsen	Fremskrittspartiet (FrP)
Drude Merethe Herdlevær	Høgre (H)
Merete Rong Sløveren	Høgre (H)
Michael Sangolt	Høgre (H)
Kjell Rune Garlid	Sotralista (SL)
Solveig Dale Rong	Senterpartiet (Sp)
Symphorien Pombe	Sosialistisk Venstreparti (SV)

Medlemmer med forfall	Parti/ Organisasjon	Varamedlemmer som møtte	Parti/ Organisasjon
Helge Nilsen	KrF	Ottar Vik	KrF

Møteleiar	Svein Otto Jacobsen
Møtesekretær	Grethe Bergsvik
Frå administrasjonen møtte	Kommunalsjef Råmund Skjold og einingsleiar Hanna Gjesdal.

Dokumentet er elektronisk godkjent og krev difor ingen signatur.

SAKLISTE:

Sak nr.	Sakstittel
002/19	Godkjenning av innkalling, saksliste og møteprotokoll
003/19	Referatsaker og orienteringer
004/19	Budsjett 2020 Gebyr og brukarbetaling
005/19	Budsjett 2020 - Økonomiplan 2020-2023
006/19	Ymse
007/19	Val av arbeidsgruppe for områdeplan for Skogsskiftet

002/19: Godkjenning av innkalling, saksliste og møteprotokoll

Innstilling til vedtak

Møteprotokollen frå sist møte vert godkjent slik han ligg føre. Det er ingen merknadar til innkalling og saksliste.

Behandling i Utval for plan 05.12.2019:

Møteprotokollen frå sist møte vert godkjent med merknad om at følgjande to representantar gjekk før møtet var slutt: Symphorien Phombe og Leif Bjarne Fjellro. Dersom nokon må gå før møteslutt skal det avklarast med utvalsleiar. Det er ingen merknadar til innkalling, men utvalsleiar varsla om at han vil setje opp ein ekstrasak på sakslista.

Vedtak i Utval for plan 05.12.2019 - saksnr. 002/19

Møteprotokollen frå sist møte vert godkjent med merknad slik det kjem fram under behandlinga. Det er ingen merknadar til innkalling, men utvalsleiar varsla om at han vil setje opp ein ekstrasak på sakslista.

003/19: Referatsaker og orienteringer

Innstilling til vedtak:

Referatsakene og eventuelle orienteringar vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

Behandling i Utval for plan 05.12.2019:

Utbygging/utviklingsplanar for Skogskiftet:

Orientering 1 - Arkitekt Rolv Eide

Orientering 2 - Bovieran AS v/dagleg leiar Søren Rundsteen og representant frå samarbeidsprosjekt Knut Jørgen Hauge

Kort orientering om utviklingsplanar for Nautnes v/Ove Forstrønen
Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Utval for plan 05.12.2019 - saksnr. 003/19

Referatsaker og eventuelle orienteringar vert tekne til orientering.

004/19: Budsjett 2020 Gebyr og brukarbetaling

Innstilling til vedtak:

Øygarden kommunestyre vedtek framlegg til gebyr og brukarbetalingar for 2020 slik det går fram av saksutgreiinga og gebyrheftet som er vedlagt saka.

Behandling i Formannskapet 02.12.2019:

Nytt tilleggspunkt i saka frå H, SL, V, FRP og KRF Silvia Haugland H

Ber om sak til valnemnda om oppretting av nytt gebyr-utval for perioden 2019 - 2023

Forslaget vart samrøystes vedteke.

Nytt tilleggspunkt i saka frå H, SL, V, FRP og KRF Silvia Haugland H

Ber om at sak om samordning/harmonisering av barnehage og SFO satsar til kommunestyremøtet 20 februar med verknad av nye satsar frå 01.08.2020.

Forslaget vart samrøystes vedteke.

Desse tok ordet i saka:

Silvia Haugland (H), Nils Kåre Skoge (H), Marianne Sandahl Bjørøy (Ap), Hogne Hole (Sp), Toril Selsvold Nyborg (KrF), Maria Thomassen (MDG)

Innstillinga vart samrøystes tilrådd.

Vedtak i Formannskapet 02.12.2019 - saksnr. 011/19

Formannskapet ber om sak til valnemnda om oppretting av nytt gebyr-utval for perioden 2019 - 2023.

Formannskapet ber om sak om samordning/harmonisering av barnehage og SFO satsar til kommunestyremøtet 20 februar med verknad av nye satsar frå 01.08.2020.

Formannskapet har slik tilråding til kommunestyret:

Øygarden kommunestyre vedtek framlegg til gebyr og brukarbetalingar for 2020 slik det går fram av saksutgreiinga og gebyrheftet som er vedlagt saka.

Behandling i Utval for tenester og levekår 04.12.2019:

Forslag frå FMB og SV Eva Aarskog SV

Gebyr for offentlig bading vert sameina til ein pris. Kr. 30 for born og kr. 50 for vaksne.

Tilleggsframlegget frå FMB og SV v/Eva Aarskog vert lagt med som merknad til budsjettøyringa.

Utval for teneste og levekår ønskjer å få utgreidd følgjande spørsmål:

- korleis skal kostnader ifm graver forståast, ønskjer detaljar kring desse gebyra i kommunestyret.
- korleis verkar ordninga for fysioterapi, korleis prioriterer kommunen kva fysioterapeutar som får driftsavtale med kommunen og korleis vert dette finansiert.

Vedtak i Utval for tenester og levekår 04.12.2019 - saksnr. 017/19

Utval for teneste og levekår tek framlegg til gebyr og brukarbetalingar for 2020 slik det går fram av saksutgreiinga og gebyrheftet vedlagt saka, til orientering.

Behandling i Utval for samfunnsutvikling 04.12.2019:

Saka vart drøfta og kommunalsjef Råmund Skjold orienterte kort om gebyr og brukarbetalingar, kor omgrepet 'sjølvkost' særskilt vart trekt fram.

Framlegg frå leiar:

Utval for samfunnsutvikling tek saka til orientering.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Utval for samfunnsutvikling 04.12.2019 - saksnr. 004/19

Utval for samfunnsutvikling tek saka til orientering.

Behandling i Utval for plan 05.12.2019:

Innstilling vart samrøystes teken til orientering.

Vedtak i Utval for plan 05.12.2019 - saksnr. 004/19

Utval for plan tek framlegg til gebyr og brukarbetalingar for 2020 slik det går fram av saksutgreiinga og gebyrheftet vedlagt saka til orientering.

Behandling i Administrasjonsutvalet 10.12.2019:

Fem medlemmer behandla saka. Forfall: Torill Selsvold Nyborg KrF.

Ordføraren orienterte kort om saka. Saka vart drøfta.

Administrasjonsutvalet tok saka til orientering.

Vedtak i Administrasjonsutvalet 10.12.2019 - saksnr. 003/19

Administrasjonsutvalet tok saka til orientering.

005/19: Budsjett 2020 - Økonomiplan 2020-2023

Innstilling til vedtak:

- 1 Øygarden kommunestyre vedtek rådmannen sitt framlegg til driftsbudsjett 2020 og økonomiplan 2020-2023 slik det ligg føre.
- 2 Øygarden kommunestyre vedtek rådmannen sitt framlegg til investeringsbudsjett 2020 og økonomiplan 2020-2023 slik det ligg føre.
- 3 Skatt til kommunen vert skrive ut med maksimalsatsane. I medhald av § 12 annet ledd i «forskrift om gjennomføring av fordeling av skatt mv. mellom skattekreditorane» vert det avsett ein margin på 9 %.
- 4 Øygarden kommunestyre vedtek følgjande økonomiske mål for økonomiplan 2020-2023:
Netto driftsresultat 1,75 % av brutto driftsinntekter
Disposisjonsfond 5 % av brutto driftsinntekter
Lånegjelda skal ikkje overstiga 100 % av brutto driftsinntekter
Måla skal vera oppnådd innan 31.12.2023.
- 5 Rådmannen får fullmakt til å ta opp lån i samsvar med godkjent låneramme i investeringsbudsjett 2020 på kr 143,7 mill.

Rådmannen får fullmakt til å godkjenne rente- og betalingsvilkår for låneopptaket og til å undertekna lånedokumenta. Avdragstida blir tilpassa føresetnadane i Kommunelova § 14-18.

Øygarden kommunestyre godkjenner rullering/ refinansiering av følgjande lån:

Lånegjevar/tilretteleggjar	Forfall	lånt	beløp
Danske Bank	14.01.2020	14.01.2019	198 445 000
Kommunalbanken	22.02.2020	22.02.2019	111 930 000
DNB	14.04.2020	14.10.2019	199 209 800
Kommunalbanken	03.05.2020	03.05.2017	107 000 000

- 6 Rådmannen får fullmakt til å ta opp kr 85 mill i lån til vidare utlån (Startlån).
- 7 Rådmannen vert gitt fullmakt til trekkrettigheit på kr 200 mill.
- 8 Med heimel i eigedomsskattelova (esktl) § 2 skriv kommunestyret ut eigedomsskatt for året 2020. For eigedomsskatteåret 2020 skal det skrivast ut eigedomsskatt berre på kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum jf. esktl § 3 første ledd bokstav c.

Kommunen vil i 2020 skriva ut eigedomsskatt på eit «særskilt fastsett grunnlag» i samhøve med overgangsregelen til esktl §§ 3 og 4 første ledd. Det særskilde grunnlaget skal i 2020 vera lik 5/7 av differansen mellom eigedomsskattegrunnlaget i 2018 og 2019 som er forårsaka av at produksjonsutstyr- og installasjonar ikkje skal reknast med i grunnlaget for verk og bruk som frå og med 2019 er rekna som næringseigedom.

Kommunen vil i 2020 skriva ut eigedomsskatt på bygningar og grunnareal for verk og bruk som frå og med 2019 blei rekna som næringseigedom, så langt desse var omfatta av eigedomsskattegrunnlaget for verk og bruk i 2018, jf. overgangsregelen til esktl §§ 3 og 4 andre ledd.

Den alminnelege eigedomsskattesatsen for skatteåret 2020 er 7 promille for skatteobjekt i gamle Øygarden kommune, 5 promille for skatteobjekt i gamle Fjell kommune og 4 promille i gamle Sund kommune.

Takstvedtekter for eigedomsskatt i Øygarden kommune vedteke i kommunestyret 19.12.2019 skal gjelda for eigedomsskatteåret 2020, jfr. esktl § 10.

Eigedomsskatten vert skriven ut i 4 terminar jfr esktl § 25 første ledd.

- 9 Gebyr og brukarbetaling, vedteke i eigen sak, vert gjort gjeldande for budsjett 2020.
- 10 Pensjonsavviket vert amortisert over 7 år frå og med 2020.
- 11 Tilskot til Øygarden brann og redning KF er på kr 31 420 000 for 2020.
- 12 Tilskot til Øygarden kyrkjelege fellesråd er på kr 28 697 000 for 2020.
- 13 Øygarden kommune går ikkje inn som medlem i Vest-Norges Brusselkontor.

Behandling i Formannskapet 02.12.2019:

Forslag til endringer i budsjettet frå H, KRF, SL, V, FRP Silvia Haugland H Økonomiplan 2020-2023

A. Følgjande oppgåver skal prioriterast i planperioden:

1. Kommunen skal utviklast i tråd med intensjonsavtalen for nye Øygarden kommune. Det skal utarbeidast kommunal planstrategi som skal vedtakast innan utgangen av februar 2020.
2. Arbeidet med samfunnsdelen til kommuneplanen skal starte opp snarast.
3. Det skal utarbeidast ein lokal veg- og samferdselsplan.
4. Det skal lagast ein klima- og miljøplan for kommunen.
5. Det skal lagast ein eigen handlingsplan som sikrar at Øygarden blir en «JA-kommune»
6. Det skal utarbeidast ein eigen veteranplan.
7. Det skal lagast ein plan for oppfølging av ulovlege byggetiltak.
8. Målet er at i løpet av 4-årsperioden skal driftsbudsjettet vere uavhengig av eigedomsskatt.
9. Tenestene skal effektiviserast slik kommunen reduserer avhengigheit av eigedomsskatt i drifta.
10. Det skal ikkje innførast eigedomsskatt på hytter, bustad eller næring.
11. Det vert fremja sak om kva tenester/oppgåver som ikkje er lovpålagte kommunale oppgåver som kan verta aktuelle å ta ut av budsjettet for 2021.
12. Innføre en ny modell og finansiering av næringsutvikling.
13. Redusere utgiftene ved bruk av eksterne konsulentar. Det skal fremjast eiga sak om omfanget.
14. Kommunen skal hente ut ein effektiviseringsgevinst på minst 20 millionar innan utgangen av budsjettåret, jfr rapport Telemarksforskning.
15. Starte arbeidet med ein ny skule på vestsida til erstatning for Skålevik skule.
16. Styrkje innsatsen mot mobbing og trakassering gjennom felles antimobbeprogram i barnehagar og skular. Vurdere å opprette eit mobbeombod i løpet av perioden.
17. Det skal leggjast til rette for meir yrkesretta opplæring i 9. og 10. klasse.
18. Det skal vere kontinuerleg barnehageopptak i kommunen.
19. Det skal fremjast sak om gjennomgang av skule- og barnehagesektorane for å harmonisera og redusera driftskostnadane. Det skal setjast måltal for dei einskilde einingane frå hausten 2020 basert på KOSTRA-samanlikningar. Driftskostnadane bør etter harmonisering spegle samanliknbare einingar på landsbasis.
20. Starte arbeidet med eit nytt regionalt rådhus/kulturhus eventuelt som eit samarbeidsprosjekt mellom offentleg og privat sektor. Det skal utgreiast moglege samordning med ny vidaregåande skule. Dette må sjåast i samband med økonomiplan og langtidsbudsjett.
21. Starte arbeidet med å utgreie eit nytt heildøgn omsorgstilbod uavhengig av diagnose.
22. Det skal straks setjast i gong arbeid med formål å auke talet på heildøgnplassar både for somatiske og demente brukarar, her under skjerma einingar. Det skal fremjast sak i første tertial. Saka skal også gjere greie for bruk av paviljongen ved Fjell sjukeheim til dette formålet.
23. Invitere næringslivet og utdanningsinstitusjonar til å etablere eit senter for utvikling av velferdsteknologi
24. Vurdere å fremje sak om å oppretta eit kommunalt føretak for alle helsebygga i kommunal eige eller i sameige med Helse Vest.
25. Sluttføring av sentrumsplan Skogsskifte.
26. Det skal utarbeidast sak om tiltak for å utjamna sosiale forskjellar hos barn og unge for å redusere barnefattigdom
27. Arbeide for at det kan skapast fleire lærlingplassar i kommunen og næringslivet. Ved nye offentlege kontraktar skal bedrifter som har lærlingar føretrekkjast.
28. Sikra gjennomføring av nytt Sotrasamband, og vegsambanda Sotra nord og Sotra sør.

29. Det skal i første halvår 2020 gjennomførast ei tidsregistrering på bygge- og reguleringssaker.
30. Trafikksikringiltak på Idrettsvegen Søre Straume vert å koma attende til i revidert budsjett i juni 2020.

B. Investeringar over 20 mill. skal attende til politisk behandling for endeleg vedtak om oppstart.

C. Følgjande investering skal takast ut av budsjettet (tal i heile tusen):

30	Hjeltefjorden sjøfront - molo	10 000
----	-------------------------------	--------

D. Budsjettet skal reviderast første og andre tertial 2020

E. Endringar i resultatbudsjettet 2020-2023

	Tal i tusen
Auke i skatteøyre til 3% jfr statleg norm	3 000
Refusjon inntekstutjamning	9 600
Havbruksfondet, auke	10 000
Utbytte BKK og BIR	500
Sjukepengerefusjon	2 000
Eigenkapital FKP	30 000
Innsparing v/harmonisering/omstilling	20 000
Reduksjon i vikarutgifter	10 000
SUM I INNTEKTSAUKE	85 100
Vest norsk Brusselkontor	150
Skuleurar undervisningsopplegg Polen	3 000
Forprosjekt utbygging demensomsorg	2 000
Pitstop	600
Treff +	25
Lærling, tilbakeført	1 000
SUM KOSTNADER	6 775
Tilføres dispfond	78 325

F: Medlemskap og tilskot til organisasjonar

Tabellen under dette punktet går ut og sum i tabellen vert tilbakeført til den generelle posten for tilskot til lag og organisasjonar for seinare omfordeling. Dette for å ikkje skapa forfordeling til einiske organisasjonar.

Forslag til vedtak Tom Georg Indrevik H

I tråd med Lov om kommuner og fylkeskommuner § 14-4 legger Formannskapet ut økonomi og årsbudsjett på høring i 14 dagar.

Forslaget vart samrøystes vedteke.

Desse tok ordet i saka:

Nils Kåre Skoge (H), Torill Selsvold Nyborg (KrF), Marianne Sandahl Bjørøy (Ap), Maria Thomassen (MDG), Nina Glesnes (SI), Anita Garlid Johannessen (FrP), Hogne Hole (Sp)

Forslaget frå H, KrF, SI, V, FrP vart ikkje stemt over og vert rekna som innspel til saka.

Vedtak i Formannskapet 02.12.2019 - saksnr. 012/19

Formannskapet tilrår rådmannen si innstilling til budsjett 2020 og økonomiplan 2020-2023 slik den ligg føre med innspel frå fleirtalet.

I tråd med Lov om kommuner og fylkeskommuner § 14-4 legg formannskapet ut økonomi og årsbudsjett på høyring i 14 dagar.

Behandling i Utval for tenester og levekår 04.12.2019:

Utval for teneste og levekår tek budsjett 2020 - økonomiplan 2020-2023 samrøystes til orientering. Utvalet drøfta desse temaene som dei vil ha svar på i seinare orienteringar frå kommunedirektøren.

- analyse av kostnader til skular og barnehage for å harmonisere mot KOSTRA-nivå for gruppe 13 i løpet av 2020

- korleis involvere foreldre i arbeidet i skulen
- korleis hindre at det vert redusert for mykje i tiltaka rundt elevar som treng ekstra ressursar
- korleis vidareføre bruk av t.d miljøterapeutar i skulen
- korleis sikre at demete innbyggjarar får den hjelpen dei treng og at dei pårørande får nødvendig avlasting
- korleis ta vare på dei tilsette i omstillingsprosessen, trygge desse i vidare i tilsetjing i ny kommune og unngå oppseiingar.

Vedtak i Utval for tenester og levekår 04.12.2019 - saksnr. 018/19

Utval for teneste og levekår tek sak Budsjett 2020 - økonomiplan 2020-2023 til orientering.

Behandling i Utval for samfunnsutvikling 04.12.2019:

Budsjettsaka vart drøfta og kommunalsjef Råmund Skjold svara på spørsmål.

Framlegg frå leiar:

Utval for samfunnsutvikling tek budsjett 2020 og økonomiplan med innspel frå formannskapet, til orientering.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Utval for samfunnsutvikling 04.12.2019 - saksnr. 005/19

Utval for samfunnsutvikling tek budsjett 2020 og økonomiplan med innspel frå formannskapet, til orientering.

Behandling i Utval for plan 05.12.2019:

Innstilling vart samrøysted teken til orientering

Vedtak i Utval for plan 05.12.2019 - saksnr. 005/19

Utval for plan tek Budsjett 2020 og Økonomiplan 2020-2023 til orientering.

Behandling i Administrasjonsutvalet 10.12.2019:

Torill Selsvold Nyborg KrF kom til saka og utvalet var fulltallig. Saka vart elles teken til orientering. Saka vart drøfta og arbeidstakarorganisasjonane/vernetenesta la fram følgjande vedlegg til protokollen, som føl saka vidare utan avstemming:

Kommunedirektøren seier i innleiinga til budsjettet at ein ikkje kan utelukke at det kan vere naudsynt med oppseiingar. Dersom dette er som følgje av verksemdsoverdraging, er ikkje slike oppseiingar gyldige, jmf. Arbeidsmiljøloven §16.

Dei tillitsvalte vil peike på at prosessen kring budsjettet ikkje har vore i samsvar med Hovudavtalen, Del B § 1.1.

Hovedavtalen skal innenfor rammen av det lokalpolitiske demokrati bidra – gjennom godt samarbeid, medbestemmelse og medinnflytelse – til en omstillingsdyktig og serviceinnstilt kommunesektor til beste for innbyggerne. Målet er gjennom videreutvikling av kommunesektoren å gi tjenester av høy kvalitet, skape trygge arbeidsplasser med meningsfylt arbeid og et godt arbeidsmiljø. Partene er enige om at godt samarbeid mellom arbeidsgiver og de tilsatte og deres organisasjoner er en forutsetning for å få dette til. Evnen til åpen dialog og vilje fra begge parter vil i stor grad være avgjørende for om man lykkes.

Vi har vore på eit informasjonsmøte der vi blei førespegla ein god prosess og der vi fekk melding om at det skal trekkjast ned 116 millionar det første driftsåret. Deretter får vi sjå i offentleggjeringa av rådmannen sitt budsjett, kva for stillingar som skal vekk. Her har det ikkje vore drøfting på kva for stillingar som skal trekkjast ned.

Vi stiller spørsmål om samarbeidet mellom administrasjonen og politisk nivå har vore godt nok. Det er formannskapet som skal legge budsjettet ut på høyring. Vi ser at formannskapet har handsama budsjettet og føreslått endringar. Vi finn prosessen problematisk då dette skjer før organisasjonane får komme med sine innspel og før det har vore eit trepartsarbeid om budsjettet.

Ein god prosess vil etter vår meining og erfaring, vere involvering og medverknad i forkant av budsjett, offentleggjering av budsjett, høyringsprosess med handsaming i AMU og Administrasjonsutvalet, deretter vidare til formannskapet og kommunestyret.

Det er heller ikkje sett ned eit Arbeidsmiljøutval for den nye kommunen, og det er ein heilt vanleg prosess at budsjettet skal handsamast i AMU før i Administrasjonsutvalet.

Slik vi les budsjettet, er det ikkje i samsvar med intensjonsavtalen på områda kvalitet, kompetanse og førebygging i NØK. Til dømes skal ein ha eit felles mobbeprogram for skule og barnehage, og samstundes tek ein vekk opplæringsmidlar og kuttar i årsverk i denne sektoren.

Vi les òg i budsjettet at det skal trekkjast ned 2 årsverk av tillitsvaltsressursen, med grunngeving i at prosjektperioden er ferdig. Etter vår meining er arbeidet ikkje ferdig når ein ser på arbeidsoppgåver som er utsett til etter 01.01.20

HA del B §3.3(j) seier: I forbindelser med større omstillinger /prosjekter skal behovet for ytterligere frikjøp av tillitsvalgsressurser drøftes.

Det har ikkje vore drøfta at tillitsvalte ikkje har behov lenger.

Vi ber om at det ekstra frikjøpet som er gitt i prosjektperioden, vert forlenga for heile omstillingsperioden.

Vi viser òg til høyringsuttalar gitt av den enkelte arbeidstakarorganisasjon, med høyringsfrist er 16.12.19.

Vedtak i Administrasjonsutvalet 10.12.2019 - saksnr. 004/19

Administrasjonsutvalet tek saka til orientering.

006/19: Ymse

Behandling i Utval for plan 05.12.2019:

Det var ikkje saker til Ymseposten.

Vedtak i Utval for plan 05.12.2019 - saksnr. 006/19

007/19: Val av arbeidsgruppe for områdeplan for Skogskiftet

Utval for plan oppretter arbeidsgruppe for områdeplan for Skogskiftet. Framlegg til medlemmer er som følgjer:

Faste:	Vara:
Svein Otto Jacobsen	Helge Nilsen
Michal Sangolt	Kjell Rune Garlid
Drude Herlevær	Merete Sløveren
Leif Fjellro	Solveig Dale
Åse Gunn Husebø	Symphorien Phombe
	Ruben Haavik

Behandling i Utval for plan 05.12.2019:

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Utval for plan 05.12.2019 - saksnr. 007/19

Utval for plan oppretter arbeidsgruppe for områdeplan for Skogskiftet. Framlegg til medlemmer er som følgjer:

Faste:	Vara:
Svein Otto Jacobsen	Helge Nilsen
Michal Sangolt	Kjell Rune Garlid
Drude Herlevær	Merete Sløveren
Leif Fjellro	Solveig Dale
Åse Gunn Husebø	Symphorien Phombe
	Ruben Haavik